

928862496

SEBASTIAN REIGSTAD

Mobilnummer

948 66 132

E-postadresse

Sebastianreigstad@hotmail.com

Kontonummer **** * 23757

Vedtaksdato

31.10.2023

Vedtaket er gjort av

Osterøy kommune

Søknadsdato

10.10.2023

Vår referanse

2023/2891, Agros 249739

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Restaurering av kulturlandskap

Samandrag: Osterøy kommune har vedtatt å innvilge opptil 21 900 kroner i tilskot til SEBASTIAN REIGSTAD til Restaurering av kulturlandskap. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.06.2025.

Osterøy kommune viser til søknad av 10.10.2023.

Bakgrunn i saka

SEBASTIAN REIGSTAD søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 10.10.2023. Du søker om totalt 45 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.12.2023-01.04.2024. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 55 000 kroner.

Ryddying av 7,3 daa gamal kultumark som delvis er tilvokse med lauvskog. Det skal setjast opp permanent gjerde rundt arealet som skal nyttast til beiting med sau for å hidnre ny attgroing av arealet.

Grunngeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom til taktet skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernemiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Tiltak	Tilskotsgrunnlag kr.	% tilskott	Løyvd tilskott kr.
Oppsetjing av 412 meter nytt gjerde	45320	35%	15862
1 stk. ny grind	3000	50%	1500
Rydding av 7 daa, 30 timar a kr.300,-	9000	50%	4500
Sum kr.	57320		21862

Osterøy kommune har vedtatt å innvilge opptil 21 900 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.06.2025. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

Det skal nyttast impregnert staur til gjerde.
Gjerde not skal ha overstreng.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Ved søknad om utbetaling av tilskottet skal del leggast fram timeliste for eigae arbei og kvitering for innkjøpt gjerde materiell.

Osterøy kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttregneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 57 300 kroner. Dersom kostnader for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotssummen bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Osterøy kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
Osterøy kommune

Saksbehandla av: Martin Ivar Henden
Godkjend av: Tore Johan Erstad